

Når ein kjører forbi Norstone sitt anlegg i Dimmelsvik lurar ein stundom på om steinknusaren skal komma gjennom støvskya og inn i bilen din. Ein kikk opp i Sandvikslio får fram tankar om urydda slagmark med fjellskjeringar høge som høgbløkker. Er det då rart at bror min, Trond L.Myklebust møter motbør i bygda med sandtaksplanane sine i Uskedalen?

Anlegget i Dimmelsvik er eit pukkverk som i tillegg solde sand. I Uskedalen skal det ikkje knusast fjell! La meg leggja til at det ser ut som Norstone har byrja å pussa opp etter seg og at lio sikkert blir fin etter kvart som den gror til. Men i Uskedalen skal dette gjerast etter kvart som masseuttaket flyttar seg, og ikkje etter at masseuttaket er ferdig.

Far min, Harald Myklebust, byrja å ta ut sand på Døssland på 50-talet, og hadde dette som levebrød fram til han døydde i 1986. Han starta opp med ein 1938 Chevrolet lastebil som vart lasta med handmakt, og lasset tippa med sveivetipp. Etter kvart som han bygde seg opp fekk han sjølv sagt meir og meir utstyr å hjelpa seg med. Ei stund brukte han ei skrape som ein ved hjelp av ein elektrisk vinsj grov fram sand. På denne tida var straumnettlet dårleg utbygd, og når sand-skrapa møtte hard motstand blinka det i lyspærene på Haugland. Dette var nok svært plagsamt for Hauglendarane fram til straumnettlet vart skikkeleg utbygd. Seinare lagde han den beste pussesanden i Sunnhordland, med eit verk som vart konstruert før HMS-krav vart innført. Som liten gut kan eg hugsa at verket bråka lika heim på garden. Støyen var nok plagsam for naboane.

Kvifor skal dette gå smertefritt for seg i 2010?

I Etne er det to selskap som solde sand ved industriområdet like ved Etne sentrum. Eg har stoppa der for å sjå korleis drifta går føre seg, og eg blei overraska over kor lite lyd anlegga laga. Eg har også snakka med tidlegare ordførar i Etne, Amund Enge, som er næraste nabo til soldeverket. Og han sa: 'Ingen problem med sanddrifta i Etne 'sjølv om all sandtransporten går midt gjennom sentrum. Sandproduksjonen står for store skatteinntekter til Etne kommune. I Etne transporterer tre vogntog sand frå uttak til industriområdet heile dagen.

I Uskedalen vil det bli ein kort-semi som transporterer ut sanden. Ein kort-semi er ein semitrailer som er kortare enn 12,4m, altså eit par meter kortare enn dei største traktorvogntoga som held til oppi dalen. Men den har likevel ei totalvekt på 44 tonn. Når ein kjører lastebil sit ein høgt og ein har såleis god utsikt. Ein ser over gamle mjelkeramper og ned i bekkefar kor ungane kan finna på å leika.

Det kjører 555 bilar gjennom Folgefonntunnelen kvar dag. Mange av desse bilane er lastebilar. Kvifor skal ikkje ein sandbil, traktorar, minibuss og privatbilar klara å kjøra på ein betre veg enn Maurangervegen? Det vil bli minst fem store møteplassar mellom rv 48 og sandtaket på Døssland før større drift kjem i gang. Dei private avtalane om møteplassar er inngått med bønder langs den vel to km lange vegen opp dalen. I tillegg kan ein stort sett sjå mellom dei framtidige møteplassane.

Urørt natur??

Kanskje det ikkje er muleg å sjå eksisterande sandtak frå månen, men 50 år med masseuttak er godt synlig både frå bygd, fly og fjell. Men i pågåande reguleringsplan for Uskedal Sandtak står det beskrive korleis området skal tilbakeførast til landbruksformål etterkvart som sanden blir graven vekk. Kanskje det då vil sjå ut som urørt natur?:)

Fiskane i elvo skal heller ikkje bli plaga av sanddrifta. Avrennande vatn frå sandtaket skal reinsast i slamkummesystem som er dimensjonert til å tåla ekstrem vestlandsnedbør. Slamkummesystemet er kalkulert og prosjektert av geolog.

Treng ein nye arbeidsplassar i Uskedalen/Kvinnherad?

Har du tenkt på at det kanskje er 1000 færre sysselsette i Kvinnherad i 2012?

Skal ein venta med å starta opp nye næringar til ein er heilt sikker på at dei store gamle går tapt, blir Kvinnherad ein HYTTEPLASS--for deg og meg!

Gunnar Myklebust
5057 BERGEN